

Fra: Grethe Marie Sandvik[]

Sendt: 09.04.2026 09:48:00

Til: 'autronic1@hotmail.com'; rolf@husttegnning.no[autronic1@hotmail.com; rolf@husttegnning.no]

Kopi: Anne Rita Eriksen[anne.rita.eriksen@kvinnherad.kommune.no];

Tittel: Nabovarsel - 153/424 - Endring av bygg - Bruk av kommunal veg 153/335, 153/345 - Sunde

Til orientering

Eg ser at Kvinnherad kommune som eigar av eigedom 153/335 og 153/345 på Sunde fått nabovarsel om fasadeendringar på eksisterande bygg på eigedom 153/424, Sundsvegen 162, Sunde.

Eigedommen 153/424 var eigd av Sunde Bygg AS i perioden 09.10.2015-24.03.2026, og den 24.03.2026 blei eigedommen overtatt av Raimond Nordnes Røssland.

I denne saka så ser eg at Kjersti har gitt tilknytning til kommunal veg 18.05.2016, og det blei gitt igangsettingsløyve til veggen 06.06.2016.

Dessverre er det ikkje gjort bygging av denne veggen som omsøkt, så her må de søkje på nytt.

I nemnde sak 2018/123 er det gitt løyve til endring og ny VA-struktur.

Dette løyvet er gått ut på dato (3 år)

Dersom dette tiltaket med veg inkluderer endring av VA-infrastruktur, må dette avtalast på nytt.

Egil Eide | *Einingsleiar Vatn og Avløp*, Mobil: +47 993 56 126

Saksbehandlar	Tif. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Kjersti Leth Lønning	53461908	2016/595-7		18.05.2016

Svar på søknad om tilknytning til kommunal veg for 153/424 og 153/345

Med heimel i veglova §§ 40-43 vert det gjeve løyve som omsøkt på følgjande vilkår:

- Avkøyrsla skal utformast etter Kvinnherad kommune sine retningslinjer for utforming av avkøyrslar til kommunal veg.
- Fortauskant må senkast i avkøyrslar og betongkant må avtrappast i hht. avtale på synfaring 18.05.16.
- Avkøyrsla må utformast slik at stigninga avsluttar ca 5 meter før Hamrabrekko.
- Det skal etablerast sandfangkum oppstrøms for avkøyrslar. Denne må knytast til drengsystem i området.

Dersom fleire eigedomar ønskjer å bruka denne avkøyrslar, må det søkjast om utvida bruk av avkøyrslar for den / dei aktuelle eigedomane.

Saksbehandlar	Tif. direkte innval	Vår ref.	Dato
Jon Harald Kjørland	90478841	2016/595-8	06.06.2016

IGANGSETJINGSLØYVE (Eitt-trinnsøknad) Delegert løyve 2016/289

Tiltakshavar: Sunde Bygg AS, Saghaugen 1, 5450 Sunde

Tiltak: Ny tilkomstveg og om lag 80 meter ny veg til 153/424 m.fl

Gnr/bnr: 153/335, 153/345

Byggestad/adresse: Hamrabrekko, 5450 Sunde

Ansvarleg søkjar: Prosjekt Konsult Kvinnherad AS, Husnes.

Delegert vedtaksnr.:2016/289


Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 vert søknad journalført 24.02.2016 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF for fylgjande firma:

- Prosjekt Konsult Kvinnherad AS, Husnes; SØK, PRO t.kl. 1.
- Dimmelsvik Entreprenør As, Dimmelsvik UTF t.kl. 1.

Vilkår:

1. Arbeida skal ikkje starta før det føreligg skriftleg grunnavtale mellom grunneigar av 153/335, 345 Kvinnherad kommune og tiltakshavar.
2. Vegtiltaket skal ikkje byggjast inne på eigedom 153/224 utan særskild avtale.
3. Sjå vilkår i tilknytingsløyve frå kommunalteknikk, datert 18.05.2016.





Vilkår for dispensasjon i byggesak BS-2018/123, er at det ligg føre avtale om bruk av kommunalt areal. Med bakgrunn i dette blei det tinglyst ei erklæring om bruksrett til veg, for 153/424 over kommunalt areal 153/335 og 153/345. Erklæringa blei tinglyst 05.11.2018, doknr 1501900, sjå vedlegg som eg har lagt ved.

Kvinnherad kommune som grunneigar presisere at dette er ein privat veg på kommunal grunn, og at denne vegen også er avsett til tilkomst til naboeigedommane , 153/61,143, 153/137 og 153/121, slik at det ikkje må byggjast noko mur eller liknande som hindrar deira tilkomst til denne vegen.

Sidan dette er privat veg på kommunal grunn så skal kostnaden med vegen følgja veglova § 54:

§ 54.

Når privat veg blir brukt som sams tilkomst for fleire eigedomar, pliktar kvar eigar, brukar eller den som har bruksrett, kvar etter same høvetal som gjeld for den bruk han gjer av vegen, å halde vegen i forsvarlig og brukande stand. Det blir med dette ikkje gjort endring i rettar som måtte vere vunne, eller i føresegner som elles måtte vere gitt for vedlikehaldet av vegen. Plikta kan oppfyllest med yting av materiale eller arbeid eller med betaling av pengar.

Det som i første ledd er fastsatt om vedlikehaldet av vegen, skal på same vilkår gjelde også for utbetring av privat veg.

Denne e-posten er ikkje ein merknad i saka , men eg håper dette har vore til litt avklaring/orientering.

Eg ser at «byggesaka» i kommunen er lagt til saksbehandlar Anne Rita Eriksen, og på grunn av dette er ho lagt til som kopimottakar av denne e-posten.

2026/3052: BS - 153/424 - Fasadeendring og tilbygg - Sunde

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!